

Info frå Pasientreiser

Kan pasienten køyre sjølv, eller bli køyrt til behandling ? Pasientreiser ber behandlar om å oppfordre pasienten om å bruke eigen bil.

Hovudregelen og oppfordringa til Pasientreiser er at pasienten gjennomfører reisa til og frå behandling på eiga hand, og søker om å få dekkja reiseutgifter i etterkant. Med bakgrunn i den pågåande pandemien er alle helseregionane einige om at pasientane skal få dekkja bruk av eigen bil med tilleggsutgifter. Det einaste ein krever av dokumentasjon for dette, er kvittering på utgiftene. Dette er både for å hindre smitte via offentleg og rekvirert transport, men også for å ha drosjekapasitet og kunne stille tilrettelagt transport til rådighet for dei pasientane som treng dette mest. Pasienten vil få dekkja bruk av eigen bil med tilleggsutgifter, så lenge pandemien varer.

Anbefalingar frå Helsedirektoratet er framleis at ein skal halde minst ein meter avstand mellom personar. Dette gjeld også ved drosjetransport, der det i tillegg blir anbefalt at passasjer sit i baksetet.

Pga. av smitteforebygging må Pasientreiser planlegge med ein pasient i kvar bil. På same tid som vi må halde oss til anbefalingane, ser vi ein stor auke i behandlarane sin aktivitet. Dette fører til at vi må avvise fleire turar pga. manglande drosjekapasitet.

Hugs at ved mistanke om eller påvist Covid-19 skal det ikkje bestillast pasientreise i NISSY, det same gjeld også for pasientar med symptomer på forkjølelse eller influensa.

Rekvirering av transport til pasientar med mistanke eller bekrefta Covid-19 skal skje gjennom AMK på telefon 57830500.

Vennleg helsing

Trude Njøsén Helgås

Seksjonsleder Pasientreiser

+4797101110 /

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

